

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-F31
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/21	Utval for helse og omsorg	30.11.2021
108/21	Alver formannskap	02.12.2021
	Alver kommunestyre	

Busetting av flyktningar 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner å busetje 28 flyktningar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktningar enn oppmodingstalet, men ber om ny sak om dette vert aktuelt.

Utval for helse og omsorg 30.11.2021:

Handsaming:

På vegne av eit samla utval la utvalsleiar Ståle Hauge-AP fram følgjande endringsframlegg:

Kommunestyret godkjenner å busetje 28 flyktningar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Slik situasjonen i Alver kommune er p.t for helsetenestene i kommunen, ønskjer ikkje Alver kommune å busetje flyktningar med kjende komplekse helserelevante behov dette året.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktningar enn oppmodingstalet, men ber om ny sak om dette vert aktuelt.

Felles framlegg sett fram i møtet vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster.

Felles framlegg sett fram av utvalsleiaren fekk 8 røyster og vart samrøystes vedteke.

HO- 038/21 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner å busetje 28 flyktningar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Slik situasjonen i Alver kommune er p.t for helsetenestene i kommunen, ønskjer ikkje Alver kommune å busetje flyktningar med kjende komplekse helserelevante behov dette året.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktningar enn oppmodingstalet, men ber om ny sak om dette vert aktuelt.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg og formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Saksopplysningar:

Kvart år oppmodar Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) aktuelle kommunar om å busette eit bestemt tal flyktningar i det komande året. Oppmodingstalet er sett ut i frå nasjonale prognosar for behov for busetting. Kunnskapsdepartementet har avgjort eit sett med kriterie for busetting av flyktningar i 2022, sjå vedlegg. IMDI har i samråd med KS vurdert oppmodinga til kommunane opp mot desse kriteria. Alver kommune vert beden om å busette 28 flyktningar i 2022. Dette inkluderer ikkje familiesameinte.

Det følgjer finansiering med kvar flyktning kommunen buset. Finansieringa er meint å skulle dekke dei kostnadene kommunane har ved busetting. Kommunen mottok støtte for kvar busett flyktning i fem år. <https://www.imdi.no/tilskudd/integreringstilskudd/> Rådmannen vurderer at det er bra kompetanse i organisasjonen på å busetje og integrere flyktningar. I tillegg vektlegg rådmannen at det vert arbeidd kontinuerleg for at det introduksjonsprogram vi tilbyr våre busette flyktningar skal bli betre, slik at den einskilde deltakar i introduksjonsprogrammet skal stå rusta til å klare seg sjølv i arbeid eller skule etter endt program.

I tillegg ber IMDI kommunen angi eit tal flyktningar som kommunen kan busetje dersom busettingsbehovet skulle auke i løpet av året. Noreg har rekna med at vi skal busetje 5500 flyktningar neste år. Uro i verda kring oss kan auke talet Noreg kjem til å busetje.

IMDI ber og om kommunen sin kapasitet til å busette personar med komplekse, helserelaterte behov som moglegvis kan føre med seg langvarig kommunal oppfølging.

Vurdering

Alver kommune vil i løpet av 2021 busetje 28 flyktningar.

Alver kommune har arbeidd godt med busetting- og integreringsarbeidet. Det er etablert eit godt apparat som arbeider rundt tenestene og det er sett i verk gode rutinar for oppfølging av flyktningane. Dei flyktningane som kommunen no får oppmoding om busetje, er i all hovudsak overføringsflyktningar der dei fleste kjem frå leir. I mange tilfelle har overføringsflyktningar budd heile livet i leir før dei kjem hit, og det vil i dei fleste tilfelle vere kommunal bustad som er bustadtilbodet kommunen bør tilby. Det er knapt med kommunale bustader når ein ser tal kommunale bustader opp mot innbyggjartal. Rådmannen viser her til arbeid med ny bustadsosial handlingsplan.

Rådmannen vil understreke at det er kompetanse i organisasjonen til å busette og integrere flyktningar i Alver kommune. Kapasitet må byggjast opp og ned i samsvar med oppmodingstal og vedtak i kommunestyret. NAV Alver vil understreke at det ikkje har vore problem med å rekruttere godt kvalifiserte personar som kan arbeide med bustetting av flyktningar. Vi opplever og at vaksenopplæringa, skular, barnehagar, helsetenestene og andre samarbeidspartar i kommunen har kompetanse og engasjement rundt arbeidet med å busetje og inkludere flyktningar. Sentrale aktørar som til dømes skule, barnehage, helsestasjon er oppteken av det føle ressursar med oppgåvene dei må ta i busettingsarbeidet då det ofte er trong for ekstra innsats, særleg i den første fasen av busettingstida.

Det er vanskeleg å gje eit eksakt tal på kor stor kapasitet Alver kommune har utover oppmodingstalet, men minner om at i dei store busttingsåra 2015-2017 busette dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy over 100 personar kvart år. Den største knapphetsfaktoren i vår kommune er tilgang på kommunale bustader. Det kan bli aktuelt å måtte å ta i bruk den private bustadmarknaden. Det er grunn til å tru at om talet Noreg skal busetje vert vesentleg høgare enn 5.500, vil den største auken knytta seg til asylsøkjjarar som går utover overføringsflyktningar. Ein større del av denne gruppa er i stand til å kunne nytte den private bustadmarknaden med ein gong eller etter ei kortare tid i kommunal bustad.

Alver kommune har tidlegare busett flyktningar med komplekse helserelaterte behov har behov for langvarig kommunal oppfølging. Alver kommune gir tenester til fleire ressurskrevjande brukarar enn mange samanliknande kommunar. Det er også meldt kommunen om auke i denne brukargruppa. Slik situasjonen er p.t for helsetenestene i kommunen vil ikkje rådmannen tilrå å busetje flyktningar med kjend komplekse helserelaterte behov dette året.

Vedlegg i saken:

25.11.2021

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2022 - Alver

1649761

25.11.2021

kommune
Anmodningskriterier for 2022

1649762